



Utanriksminister Ine Marie Eriksen Søreide held kvart halvår ei utgreiing om viktige EU- og EØS-saker for Stortinget i plenum. Men dei litt hyppigare møta i europautvalet er lukka.
Foto: Lise Åserud / NTB scanpix

EØS i fri flyt

Forskar Torbjørg Jevnaker meiner Stortinget gjer for lite for å kontrollere regjeringa i europapolitikken.

EØS-AVTALEN

EVA AALBERG UNDHEIM
eva@dagogtid.no

I det danske folketinget vert EU- og EØS-saker diskuterte for opne dører og i sanntid. Eit europautval møtest kvar veke og godkjenner forhandlingsmandatet for statsrådar som skal til Brussel.

Europautvalet i Stortinget møtest i snitt annankvar månad, i lukka møte der representantane i hovudsak får orientering frå regjeringa om ting som alt har skjedd.

Torbjørg V.S. Jevnaker, som er forskar ved Fridtjof Nansens Institutt og stipendiat ved Universitetet i Oslo, meiner denne måten å handtere europapolitikken på undergrev EØS-avtalen. «Stortinget holder seg for ørene i EU-saker, men burde heller holde regjeringa i ørene», skreiv ho denne veka i ein kronikk i Klassekampen.

– Kvifor reagerer du på dette no?

– I lys av diskusjonen om å sjå på alternativ til EØS-avtalen, meiner eg vi òg må sjå på korleis vi brukar avtalen i dag. For det finst alternative måtar å bruke han på. EU har utvikla seg ein god del sidan avtalen vart inngått. Det er meir politikk, meir politikk på tvers av sektorar og alt går mykje raskare. Vi har hamna bakpå.

– Kva kan Stortinget få ut av å vere tidlegare involvert og meir aktiv i EU-saker?

– Det er jobben til Stortinget å følgje opp og passe på kva regjeringa driv med, og det bør skje i EU-saker òg. Då må Stortinget tidlegare inn i sakene, ha kunnskap om kva EU vil med nye lovverk, og vite både kva vi får og gjev gjennom samarbeidet. Stortingsrepresentantar må kunne

vere meir konkrete enn å seie at «marknadstilgang er positivt». Det er òg viktig å vere klar over kva EU-lovar krev og ikkje krev, slik at regjeringa ikkje kan gøymsle seg bak EU for å innføre eigen upopulær politikk. EU-reglar har ofte handlingsrom som gjev Noreg fleksibilitet.

– Trur du ikkje meir debatt berre fører til meir misnøye og sterkare krav om å bruke reservasjonsretten eller å vrake heile EØS-avtalen?

– Jau, dersom debattane vert meir av den typen vi har i dag, der Stortinget berre skal seie ja eller nei til noko som er ferdig. Men det vi treng, er meir debatt tidlegare i prosessane, når det framleis er høve til å meine noko om korleis ting skal gjerast.

– Men stortingsrepresentantane hadde vore kjende med den såkalla Acer-saka, der Noreg gjev frå seg makt for å vere del av EUs energibyrå, i mange år før ho vart debattert på Stortinget.

– Den saka er både interessant og merkeleg, for i innstillinga til vedtak frå i mars i fjor går det fram at fleire parti etterlyser meir kunnskap, og det etter at Acer hadde vorte diskutert heile vinteren og våren i forkant. Her burde den politiske diskusjonen og dragkampen mellom parti ha kome tidlegare.

– Kjem det så mykje ut av å diskutere EU-saker Noreg ikkje har formell påverknad på?

– Ja, kunnskap treng vi uavhengig av om vi skal påverke eller ikkje. Også for å vite kva fleksibilitet som ligg i lovverka. Og sjølv om Noreg ikkje er medlem, kan vi drive lobby for eigne standpunkt. Mange driv lobby og får til noko utan røysterett.

– Då EU vedtok lovverk som reduserte den norske bankinnskotsgarantien, hadde norske



Foto: Universitetet i Oslo

SAMTALEN

Torbjørg V.S. Jevnaker
forskar og stipendiat

AKTUELL

Debatt om EØS-avtalen

– Når Stortinget ikkje er tidleg inne og gjev føringar, finst det heller ikkje noko regjeringa kan awike frå.

politikarar brukt årevis på å prøve å forhandle om eit unntak, utan å få gjennomslag.

– Det er vanleg å ikkje få viljen sin alltid, men det betyr ikkje at vi skal gje opp. Spesielt ikkje all den tid vi faktisk må følgje det EU vedtek.

– Ser du saker der Noreg ikkje har nytta handlingsrommet godt nok?

– Det er tre tidspunkt som kan utnyttast. Det er når EU-kommisjonen har høyringar før ein lov vert lagd fram. Der kan alle delta, også du og eg. Deretter under forhandlingane internt i EU når eit forslag er lagt fram. Der kan Noreg vere med å påverke som lobbyist. Og så er det sjølve EØS-forhandlingane, når ein vurderer om ein EU-lov er relevant for EØS-avtalen eller ikkje. Her har eg inntrykk av at regjeringa brukar handlingsrommet sitt. Men Noreg følgde ikkje med i timen då EU laga fornybardirektiv i 2009, til dømes.

– Dei fleste EU-reglane inneber tekniske justeringar og småting som ikkje er særleg kontroversielle. Kvifor skal politikarane bruke meir tid på slikt?

– Parlamentet i Sverige har ein sorteringskomité som vurderer kva saker dei bør bruke tid på. Det burde vi ha i Noreg òg. Poenget er at Stortinget sjølv bør sile. Silinga frå regjeringa avgjer fyrst og fremst kva saker som treng formell godkjenning frå Stortinget for å verte teke inn i EØS-avtalen eller ikkje.

– Har du døme på at regjeringa ikkje følgjer opp Stortingets politikk i EU-saker?

– Det er vanskeleg å gå imot noko som ikkje er der. Når Stortinget ikkje er tidleg inne og gjev føringar, finst det heller ikkje noko regjeringa kan avvike frå.



Send SMS med kodeord **TYPISK** til **59 444 840**

TIPS

ein typisk DAG OG TID-lesar som ikkje les DAG OG TID om DAG OG TID